



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grete Kathrine Jacobsen, 5557 2116

Vår dato
14.10.2014
Dykkar dato
26.09.2014

Vår referanse
2014/11695 421.3
Dykkar referanse
14/5135

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Uttale - Lindås - Gnr 58 bnr 41 - Lygre Indre - Båtopptrekk og kai - Disp

Fylkesmannen viser til dykkar brev av 26.9.2014, med frist for uttale 24.10.2014. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av båtopptrekk og kai til uttale.

Reguleringsfremålet på land er område for fritidsbustader. For sjøarealet gjeld kommuneplanen, og her er arealet sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag. I tillegg er tiltaka omfatta av det alminnelege byggjeforbodet i strandsona.

Fylkesmannen minner om at det i dei arealpolitiske føringane i St. meld. nr. 26, «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand», går fram at strandsona skal vere eit areal ope for allmenn ferdsel. Allmenne interesser skal ha forrang i strandsona, jf. plan- og bygningslova § 1-8.

Etter det vi kan sjå ut i frå kartdata, og med atterhald om manglande lokalkunnskap, så oppfattar vi at neset er lett tilgjengeleg for ferdsel. Vi har forståing for at det kan vere behov for eit båtopptrekk, men er kritisk til at det skal førast opp ei kai i tillegg. I sum vil tiltaka bidra til å privatisera neset.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Grete Kathrine Jacobsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.